

# Alkoholpolitiske retningsliner for Kvam herad 2024-2028

## Del 1 Føremål

Alkohollova sitt føremål( § 1-1) er i størst mogeleg grad å begrensa dei samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan føra til. Som eit ledd i dette siktar lova på å begrensa forbruket av alkoholhaldige drikkevarer.

Kvam herad har i rusmiddelpolitisk handlingsplan vedteke dette hovudmålet: Å førebyggja og redusera negative konsekvensar ved bruk av alkohol og andre rusmidlar for enkeltmenneske og samfunn. Me skal gjennom vår lokale alkoholpolitikk stetta dette målet, og føremålet i alkohollova.

Viktige delmål er å utsetta debutalderen for bruk av alkohol, skapa alkoholfrie soner, særleg der barn og unge ferdast, og ha ansvarlege sals- og skjenkeplassar.

Det er vidare ei målsetjing å føra ein løyvepolitikk som fremmar gode rammevilkår, likebehandling og forutsigbarheit for næringslivet. Alkoholpolitikken vert forvalta med til dels motstridane hensyn. Me veit at bruk av alkohol kan påføra samfunnet og enkeltmennesker store lidingar. Samstundes er alkohol ei lovleg vare, som er sosialt akseptert i fleire samanhengar. Det er i tillegg arbeidsplassar og inntekter knytt til omsetjing av alkohol.

Kvam herad skal føra ein løyvepolitikk som balanserer desse hensyna på ein ansvarleg måte. Dette kan vi gjere ved å tilretteleggja for ei sunn og seriøs næring, som kan tilby kommunen sine innbyggjarar og turistar eit godt og variert utval av serveringsplassar. Kommunen ynskjer å samarbeide med løyvehavarane, slik at gjeldande retningslinjer og regelverk vert følgd.

## Del 2 Alminnelege bestemmingar

### § 1 Prinsipp for vurdering av søknadar om sals- og skjenkeløyver

Søknadar om sals- og skjenkeløyver skal avgjerast i tråd med alkohollova og bestemmingar gjeve i medhald av denne. Søknadane skal i tillegg vurderast i tråd med vedtekne prinsipp og målsettingar fastsett i Kvam herad sin rusmiddelpolitiske handlingsplan, og alkoholpolitiske handlingsplan.

Der det ikkje står anna i desse retningslinene, gjeld ordlyden i alkohollova, alkoholforskrifta og bestemmingar gjeve i medhald av desse.

Søknad om skjenke- og salsløyve for einskilde høve, utviding av sals- og skjenkeområde og utviding av alkoholgruppe skal vera levert til kommunen seinast to veker før løyvet skal takast i bruk.

### § 2 Definisjonar

Alkoholhaldig drikk gruppe 1 er drikk som inneheld over 2,5 og høgst 4,7 volumprosent alkohol.  
Alkoholhaldig drikk gruppe 2 er drikk som inneheld over 4,7 og mindre enn 22 volumprosent alkohol.  
Alkoholhaldig drikk gruppe 3 er drikk som inneheld mellom 22 og 60 volumprosent alkohol.

### § 3 Løyveperioden

Sals- og skjenkeløyver kan gjevast for inntil 4 år, med opphør seinast 30.september året etter ny heradsstyreperiode er i gang. Det nye heradsstyret kan vedta at alle eller nokre løyver skal løpa utan

fornying, men berre etter ein gjennomgang av alkoholpolitiske retningsliner. Sals- og skjenkeløyver kan også gjevest for ein tidsavgrensa periode, for ein bestemt del av året eller for eit einskildhøve. For einskildhøve er det spesifisert eigne villkår, jf. § 5.

### Del 3 Skjenkeløyve

#### § 4 Tildeling av alminneleg skjenkerett for alkoholhaldig drikk gruppe 1,2 og 3.

- a) Skjenkerett for alkoholhaldig drikk gruppe 1,2 og 3 kan tildelast til overnattingsplassar, restaurant, pub, bar, diskotek, kafe, bistro og serveringsplass knytt til gardsturisme.
- b) Hotell og overnattingsplassar kan få løyve til alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2 i minibar på overnattingsrom, samt for skjenking av gruppe 1 og 2 frå resepsjon heile døgret for konsumering på overnattingsrom. Dette gjeld ikkje campinghytter.
- c) Skjenkerett på uteareal vert gjeve etter ein konkret vurdering av kvar enkelt sak. Følgjande moment skal vurderast: Ro- og ordensmessige omsyn, trafikk, tilgjenge og omsyn til fri ferdsel. Skjenketida utandørs kan avgrensast om ro- og ordensmessige omsyn og/eller omsyn til omkringliggjande naboar tilseier dette. På skjenkeareal ute kan det skjenkast same gruppe alkohol som det er gjeve løyve til inne. Skjenkeareal ute skal som hovudregel avgrensast fysisk med gjerde eller liknande som omsluttar heile skjenkearealet.
- d) Det vert ikkje gjeve alminneleg skjenkeløyve til:
  - I. Idrettshallar og skular/barnehage. I idrettshallar kan det bli gitt løyve ved særskild spesielle høve, når det ikkje er mogeleg å finne alternative lokalar som er store nok, t.d. ved større konsertar. Det skal i søknaden begrunnast og visast til at søker har vurdert andre skjenkeområder.
  - II. Frisørsalongar, spa, butikkar og andre plassar som primært sel andre typer varer og tenester.

#### § 5 Skjenkeløyve for einskildhøve:

- a. Det kan tildelast skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2 for einskilde høve i forsamlingslokale med eventuelt uteområde. For skjenking på uteområde gjeld same krav som i § 4-c. Det vert ikkje gjeve skjenkeløyve for idrettsarrangement.
- b. Det vert sett som villkår at skjenkestyrar og stedfortredar, og minst 1/3 av dei øvrige vaktar/ mannskap må ha gjennomførd skjenkekurs i regi av heradet, eller ha gjennomførd kunnskapsprøve for skjenking av alkohol.
- c. For å få løyve til einskildhøve må det vere minimum 18 år aldersgrense til skjenkeområdet. Det kan søkjast om dispensasjon ved særskild spesielle arrangement der det vil vere naturleg å gje adgang til ungdom under 18 år. Dette kan t.d. vere konsertar, revy eller andre kulturelle arrangement.
- d. Brot på villkåra sett i løyvevedtaket og alkohollova kan medføra karantene for både huseigar og arrangør.
- e. Det er sett minimumskrav til tal på vaktar/ mannskap for einskildhøver slik\*:

Type arrangement	Krav
Lukka lag/ medlemsfest/ kulturarrangement i regi av etablert kulturinstitusjon (t.d. Kabuso, Galleri Puls, fartøyvernsenteret, museum)	Minimum 2 stk med kurs/ kunnskapsprøve
Arrangement med inntil 50 gjestar	Minimum 4 stk, kor av 2 stk med kurs/ kunnskapsprøve
Arrangement med mellom 51 og 100 gjestar	Minimum 6 stk, kor av 2 med kurs/ kunnskapsprøve
Andre arrangement enn dans med meir enn 100 gjestar**	Minimum 9 stk, kor av 3 med kurs/ kunnskapsprøve
Dans med 100 til 250 gjestar	Minimum 12 stk, kor av 4 med kurs/ kunnskapsprøve
Dans med meir enn 250 gjestar	Minimum 20 stk, kor av 6 med kurs/ kunnskapsprøve

\*Alle arrangement må meldast til politiet, som kan sette andre krav til vakthald i hht lokale politiforskrifter.

\*\* Døme på andre arrangement enn dans er konsert med sitjeplassar, teater, revy o.a. Med dans meinast også konsert utan sitjeplassar.

## § 6 Ambulerande skjenkeløyve

- a. Det vert ikkje gjeve ambulerande skjenkeløyve i Kvam.

## § 7 Tilverking av alkoholhaldig drikk for skjenking i eiga verksemd

a. Eit ordinært skjenkeløyve kan etter søknad utvidast til å omfatta tilverking av alkoholhaldig drikk som ikkje er brennevin, eller til innførsel av slik alkoholhaldig drikk som løyvet gjelder, for skjenking i eiga verksemd. Løyver gitt for ein bestemt del av året eller ved einskildhøver kan ikkje utvidast til å gjelda innføring, men kan gjelda tilverking for skjenking i eiga verksemd.

b. Kvar einskild søknad vert vurdert individuelt. Det vert sett som krav at tilverkinga inngår som ein del av verksemda sin heilheitleg karakter og serveringstilbod. Det skal mellom annan leggjast vekt på lokale tradisjonar, og om tilverkinga fremmar lokal kultur og turisme. Tilverkinga skal skje ved skjenkeplassen.

## § 8 Skjenketider

a. Inne: Skjenking av alkoholhaldig drikk med 22 volumprosent eller meir (gruppe 3) kan skje frå kl. 13.00 til kl. 00.30. Skjenking av anna alkoholhaldig drikk (gruppe 1 og 2) kan skje frå kl. 12.00 til kl. 02.00. Hotell og overnattingsplassar kan i tillegg skjenke gruppe 1 og 2 heile døgeret til sine overnattingsgjestar for konsumering på overnattingsrom. Dette gjeld ikkje campinghytter. Skjenkinga må skje ut frå resepsjon, romservice eller i minibar på overnattingsrommet. Det er ikkje høve til å skjenke ut frå bar eller restaurant etter skjenketida.

b. Ute: Skjenking av all alkoholhaldig drikk med 22 volumprosent eller meir (gruppe 3) kan skje frå kl. 13.00 til kl. 00.30. Skjenking av anna alkoholhaldig drikk (gruppe 1 og 2) kan skje frå kl. 12.00 til kl. 02.00.

c. Musikkstøy utandørs. Reglar for musikkstøy utandørs og i telt er samsvarande med gjeldande reglar i «retningsliner for bruk av kommunalt uteareal til arrangement». Desse retningslinene er ute på høyring og skal politisk handsamast våren -2024.

## § 9 Utviding av skjenkeområde

- a. Det kan etter søknad verta gjeve løyve til utviding av eit skjenkeområde for alminnelege løyver. Kommunen gjer vurderingar etter alkohollova §1-7a for kvar einskild søknad, og søknaden skal sendast til politiet for uttale.
- b. Utviding av skjenkeområde gjeld for dei alkoholgruppene som løyvehavar har rett til å skjenke. Skjenketid følgjer dei vedtekne skjenketidene som løyvehavar har fått, men kommunen kan innskrenke skjenketidene ved utvida skjenkeområde.
- c. Det vert sett krav til vaktar for utvida skjenkeområde slik\*:

Arrangement inntil 100 gjestar	Minimum 2 stk
Andre arrangement enn dans med meir enn 100 gjestar**	Minimum 4 stk
Dans med 100- 300 gjestar	Minimum 6 stk
Dans med meir enn 300 gjestar	Minimum 9 stk

Endeleg vaktkrav vert sett i lag med politiet etter ei risikovurdering.

\* Alle arrangement må meldast til politiet, som kan sette andre krav til vakthald i hht lokale politiforskrifter.

\*\* Døme på andre arrangement enn dans er konsert med sitjeplassar, teater, revy o.a. Med dans meinast også konsert utan sitjeplassar.

## Del 3 Salsløyve

Alkohollova §3-1 (Retten til sal av alkoholhaldig drikk) seier at sal av alkoholhaldig drikk i gruppe 2 og 3 berre kan skje gjennom AS Vinmonopolet på grunnlag av kommunalt løyve. Sal av anna alkoholhaldig drikk (gruppe 1) kan berre skje på grunnlag av kommunalt løyve, og gjeld for ein bestemd type lokale og bestemd type verksemd. Det kan etter forskrifta §3-2 ikkje gjevast salsløyve til bensinstasjon eller kiosk.

Kommunen står relativt fritt til å velje kva type verksemd som skal få løyve eller ikkje, men Kvam herad har ingen retningsliner for kven som kan få løyve til sal av alkoholhaldig drikk utover det som er nemnd i forskrifta.

## § 10 Utviding av salsområde

- a. Det kan etter søknad, ved særskilde høve, verta gjeve løyve til utvida område for sal av alkoholhaldig drikk opp til 4,7 volumprosent. Særskilde høve er festivalar, messer og kurs.

## § 11 Tilverking av alkoholhaldig drikk for sal i eiga verksemd

- a. Eit ordinært salsløyve kan etter søknad utvidast til å omfatta tilverking av alkoholhaldig drikk i gruppe 1 (opp til 4,7 volumprosent), eller til innførsel av slik alkoholhaldig drikk, for sal i eiga verksemd. Løyver gitt for ein bestemt del av året eller ved einskildhøver kan ikkje utvidast til å gjelda innføring og tilverking.

b. Kvar einskild søknad vert vurdert individuelt. Det vert sett som krav at tilverkinga inngår som ein del av verksemda sin heilheitlege tilbod og karakter. Det skal mellom anna leggjast vekt på lokale tradisjonar, og om tilverkinga fremmar lokal kultur og turisme. Tilverkinga skal skje ved salsplassen.

#### § 12 Salstider

- a. Salstider i butikkane skal vera i samsvar med maksimaltida i alkohollova:

  - a. Kvardagar kl. 08.00- 20.00
  - b. Laurdagar og dagar før heilagdagar kl. 08.00- 18.00.

#### Del 4 Gebyr

##### § 13 Gebyr for einskildhøve

- a. Ved søknad om skjenkeløye for einskildhøve skal det betalast eit gebyr i samsvar med den til kvart tid gjeldande gebyrliste. Det skal betalast for tilskipingar der forventa tal deltakrar er frå:
  - a. 0-100 personar/ gjestar: kr. 710,-
  - b. 100- 200 personar/gjestar: kr. 1.750,-
  - c. meir enn 200 personar/gjestar: kr. 3.380,-
- b. Om det ved kontroll syner seg å vere fleire gjestar enn oppgjeven i søknad, vert det sendt justert krav etter punkt a.
- c. Om arrangementet vert avlyst, skal det berre betalast eit gebyr på kr 600,-.
- d. Ved søknad om salsløye ved einskildhøve skal det betalast eit gebyr på kr. 710,-.